

ÅRSPLAN 2023 / 2024

# Fyresdal Barnehage

«Barnet skal bli den beste utgåva av seg sjølv»



Satsingsområda til barnehagen er leik, sosial kompetanse, språk og uteliv

Barnehagen sin årsplan bygger på nasjonale og lokale føringar som Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Den er eit arbeidsdokument for personalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngevingar.

Innhaldet blir tilpassa den enkelte barnegruppa og prosessane vert dokumentera og vurdert.

Barnehagen skal bidra til ein god barndom og legge eit grunnlag for barnas vidare utvikling og læring. Som pedagogisk verksemd inngår barnehagen i eit heilskapleg utdanningsløp. Barnehagen er barnas fyrste arena i det offentlige rom. Her skal dei få deltake og medverke i et demokratisk fellesskap, der barn får utvikle seg og meistre medgang og motgang i kvardagen. Eit døme på medverknad kan vere samling om kva me likar å gjere når me er i barnehagen. Utifrå dette grunnlaget, rammeplanen og årsplan lagar personalet opplegg.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert, tilpassa enkeltbarn og barnegruppa. Barna skal leike, dei skal få bruke skaparglede, kjenne på undring og få utforske i kvardagen i barnehagen. Høg kvalitet på barnehagens omsorgs- og læringsmiljø krev at personalet ser arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk i samanheng. På den måten forvaltas det heilskaplege læringsssynet som skal ligge til grunn i barnehagen, til beste for barnas allsidige utvikling.

Barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leike-, aktivitets- og læringsaktiviteter. Barna skal få utfordring tilpassa sin utvikling, erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheter. For å oppnå dette legg personalet til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materialar og utforming av det fysiske miljøet i barnehagen. Progresjon sjåast også att i korleis personalet møter det enkelte barn.

**Fyresdal barnehage** ligg fint og nært knytt til Hamaren aktivitetspark. Barnehagen er open måndag-fredag, 07.00-16.30. Kjernetida i bhg er frå klokka 0900-1400. *Kjernetid er den tida det gjennomførast planlagt pedagogisk leik- og aktivitetar, der alle barna er tilstade og det er full bemanningstetthet.* Frukosten i barnehagen er fram til 08.30.

Frå og med juni til og med august må barna ha minimum 3 veker samanhengande ferie, jf. vedtekter. Barnehagen har 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Barnehagen er då stengt.

Barnehageåret 2023/2024 har barnehagen 5 avdelingar:

### **KNATTEN:**

Ettåringane har avdelinga si på nybygget. Det vert lagt vekt på tryggleik, omsorg, tilvenning og skjerming.

### **MAURTUVA:**

Toåringane har avdelinga si på nybygget.

### **STUBBEN:**

Treåringane har avdelinga si på nybygget.


### **HAMAREN:**

Fireåringane har avdelinga si på gamalbygget.

### **LISLEHAMAREN:**

Femåringane har avdelinga si på gamalbygget. Dei har eige skulestartaropplegg gjennom heile barnehageåret.

Barnehagen held fokus på venskap, relasjonsbygging og inkludering. Vi organiserer barna slik at dei er saman og ut frå individuell utvikling og alder, der vi jobbar i grupper med vekt på læring via leik. Relasjon, leik og medverknad er viktige element i alle tilpassa opplegg og i kvardagen.



Trygghetssirkelen (COS) er ein modell personalet i barnehagen brukar for å møte barn på ein trygg og god måte. Barna skal få utforske og vere nysgjerrige, i viten om at den vaksne er der å passar på når dei treng støtte (Trygg base). Den vaksne skal også vere tilgjengelig og sensitiv om barn synast noko blir skummelt, treng eit fang eller ei hand å halde i.

## **PSYKOSOSIALT OG INKLUDERANDE**

### **BARNEHAGEMILJØ:**

På bakgrunn av barnehageloven, ny paragraf (01.01.2021) §41-43, psykososialt barnehagemiljø, byrja alle tilsette i Fyresdal barnehage på ei kompetanseutvikling hausten 2021. Perioden gjeng over to år, og handlar om å auke kompetansen på å førebyggje mobbing og krenking i barnehagen.

### **§ 41.Nulltoleranse og førebyggjande arbeid**

*Barnehagen skal ikkje godta krenkelaer som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.*

*Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.*

### **§ 42.Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)**

*Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.*


*Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.*

Barnehagen samarbeider med skulen om eit inkluderande barnehage- og skulemiljø. For å skape gode vilkår for trivsel skal barnehagen arbeide langsiktig og systematisk med miljøet og kulturen i barnehagen som vidareførast i samarbeid med skulen. Viktige faktorar i dette arbeidet er trygge vaksne med kompetanse, mot og vilje til å arbeide førebyggjande. Vi arbeider for å avdekke og motverke krenkande åtferd og fylgje opp tiltak som blir sett i gang

## FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN FOR BARNEHAGEN (2017)

Modellen syner fagområda i rammeplanen. Fagområda skal vere en gjennomgåande del av barnehagens sitt innhald, og bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og god helse hos barn i barnehagen. Barna skal utvikle kunnskap og ferdigheter innafor alle fagområdene ved bruk av lek, undring, utforsking og skapande aktivitetar.

Personalet brukar fagområda i planlegging av det pedagogiske arbeidet i eit heilskapleg perspektiv.



**Gjennom fokusområda i planen nedanfor vil vi arbeide for eit inkluderande barnehagemiljø i tråd med rammeplanen.**

Fokusområde	Teikn på god praksis	Vurderingsfelt for ped.leiar
<p><b>Danning og læring:</b> (R-17, s.21-22)</p> <p>Barnehagen skal leggje grunnlag for barns forståing av fellesskapet, felles verdiar og normer. Bidra til å fremje tilhøyrseil til samfunnet.</p> <p>Barn skal støttast i å utrykke synspunkt og skape meining for innhald og læringsprosessar.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Omsorg pregar alle situasjonar</li> <li>• Barnet øver på og gjere seg opp eigne meiningar</li> <li>• Barnet respekterer mangfald, og er gode på inkludering</li> <li>• Barnet er med å drøfte eigne og andre sine erfaringar, slik at det dannar ny læring, kunnskap, nysgjerrighet og sjølvstende</li> </ul>	
<p><b>Leik:</b> (R-17, s.20)</p> <p>Leik er barnets viktigaste aktivitet kvar dag.</p> <p>Barnehagen skal hjelpe barn til å kome inn i leik, utvikle leikekompetanse, styrke venskap og relasjonar.</p> <p>Barnehagen skal gje barn gode opplevingar av å meistre og erfare.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnet lærar og øvar på sosial ferdighetar og blir kjend med eigne styrkar</li> <li>• Barnet bygger venskap ut frå utviklingsnivå og på tvers av alder</li> <li>• Vaksne er aktive og støttar barn i leik og samspel og vernar leiken</li> <li>• Utstyr og materiale styrkar og utviklar leik</li> <li>• Barnehagen har gode fysiske leikemiljø inne og ute</li> <li>• Barnet brukar leik som arena for eiga læring</li> </ul>	

<p><b>Uteliv:</b> (R-17, s.52 og s.56)</p> <p>Barnehagen skal bidra til at barn får eit mangfald av naturopplevingar med naturen som arena for lek og læring.</p> <p>Barna skal føle tilhøyrse til naturen, vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barn og vaksne møter naturen med nysgjerrigheit og respekt</li> <li>• Barnet blir kjent med nærområdet gjennom lek og utforsking</li> <li>• Barnet utviklar grunnleggande kunnskap om mangfald og bærekraftig utvikling i naturen</li> <li>• Barnet utviklar forståing for trafikktryggleik på tur i nærmiljøet</li> <li>• Barnet utforskar stadar i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt</li> </ul>	
<p><b>Sosial kompetanse:</b> (R-17, s. 22)</p> <p>Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere i eit fellesskap. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere i eit positivt samspel med andre barn og vaksne og vere viktige for fellesskapet.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnet trivast og opplever livsglede og mestring i sosialt samspill med andre</li> <li>• Barnet kan ta kontakt med andre på ein god måte og oppretthalde kontakt</li> <li>• Barnet får støtte i å sette egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løsnings på konfliktsituasjoner</li> <li>• Barnet får støtte til å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over egne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar</li> </ul>	

<p><b>Medverknad foreldre:</b> (R-17, s. 29)</p> <p>Foreldre har rett og plikt til å påverke kvardagen og innhaldet i barnehagen.</p> <p>Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og arbeide i nært samarbeid og forståing med foreldra med barnets beste som mål.</p> <p>Foreldresamarbeid skjer både på individ- og gruppenivå.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føresette og barnehagen får legge fram og drøfte saker i SU for å skape eit godt barnehagemiljø</li> <li>• Foreldre og barnehage har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg</li> <li>• Foreldremøte skal vere inkluderande og vere arbeidsmøter/drøftingsmøter, der ein saman kjem fram til kva som er barns beste</li> <li>• Det vert gjennomført samtaler ved oppstart og utviklingssamtaler</li> <li>• Foreldra har eit opent tilbod om samtaler og foreldrerettleiing</li> </ul>	
<p><b>Medverknad barn:</b> (R.17, s.27)</p> <p>Barn skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehageverksemda.</p> <p>Alle barn, frå dei minste til dei største, skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet gjer tid og rom for å lytte og samtale, og tek på alvor barns tankar og meiningar</li> <li>• Personalet observerer, stillar opne spørsmål og er engasjert i det som opptek barna</li> <li>• Barn er med i planlegging, gjennomføring og evaluering tilpassa barnets føresetnad</li> <li>• Personalet i barnehagen tolkar og legg til rette for at små barn også får uttrykkje seg, gjennom kroppsspråket og verbalt, og dermed påverke eige liv i barnehagen.</li> <li>• Det er gode samtaler mellom barnehage, barn og foreldre</li> <li>• Det er systematiske samtaler med 5-åringane det siste barnehageåret.</li> </ul>	



<p><b>Vaksenrolla (personalet):</b> (R-17, s.15)</p> <p>Personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Personalet skal ivareta relasjonar mellom barna i grupper, mellom barn og personale og mellom personalet og føresette.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet er gode medmenneske og rollemodellar, møter barn med empati, anerkjenning, glede, humor og omtanke. Personalet skal vere rause og positive.</li> <li>• Personalet ser kvart einskild barn og barnegruppe , for å fremje god helse og trivsel</li> <li>• Personalet har barnesamtalar med 4-5 åringar</li> <li>• Det er besøksordningar mellom avdelingane, for å skape nye eller styrke relasjonar mellom barn</li> <li>• Vi har eit godt samarbeid med barn og føresette</li> <li>• Vi bruke teori, refleksjon og drøfting i det pedagogiske arbeidet</li> <li>• Observasjon blir nytta som eit verktøy</li> <li>• Vi får tid til kompetanseheving i personalgruppa</li> <li>• Det vi utviklar ein god tilbakemeldingskultur for å styrke kvarandre</li> <li>• Personalet nyttar pedagogisk analysemodell (for å hjelpe barnehagepersonalet til å sjå, eventuelt finne løysningar på utfordringar/ tiltak i organisasjonen eller hos barn/barnegruppe)</li> </ul>	
<p><b>Informasjon:</b> (R -17, s. 29-30)</p> <p>Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med føresette. Dette skjer både på individ- og gruppenivå, gjennom foreldreråd og samarbeidsutvalet (SU).</p> <p>Fyresdal kommune nyttar kommunikasjonsplattformen VISMA.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Visma er kommunikasjonsplattform og brukast av både føresette og personale</li> <li>• Føresette får fortløpande informasjon, planar, referat og eventuelle endringar på avdelinga og i barnehagen</li> <li>• Det er eit godt og tett samarbeid med SU</li> <li>• Personalet gjer informasjon og kommuniserer blant anna ved levere – og hentesituasjonar</li> </ul>	



<p><b>Språk:</b> (R-17, s. 23-24)</p> <p>Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, kompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer.</p> <p>Barna skal få anledning til å erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både verbalt språk og skriftspråk.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet anerkjenner og responderer på dei ulike verbale og ikkje- verbale uttrykka til barna og støttar språkutviklinga deira</li> <li>• Barna får uttrykkjer kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar</li> <li>• Personalet og barna er aktive samtalepartnerar i alle kvardagssituasjonar og brukar språk til å skape relasjonar og delta i lek og som reiskap til å løyse konflikhtar</li> <li>• Personalet vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd</li> <li>• Barnet får leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytme, lydar og ord</li> <li>• Barnet møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer</li> <li>• Barnet opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale</li> <li>• Barnet får utforske og gjere seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese og skriveaktivitetar</li> <li>• Barnet leikar med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling</li> <li>• Personalet kan bruke digitale verktøy i språkstimulerande aktivitetar</li> </ul>	
--	--	--

<p><b>Livsmestring og helse:</b> (R-17, S. 11, KapVIII, § 42)</p> <p>Personalet skal førebygge krenking og mobbing og bidra til at barna utviklar sosial kompetanse og evne til sjølvregulering.</p> <p>Barnehagen skal ha ein helsefremmende og førebyggande funksjon og til å utgjevne sosiale ulikhetar. Fysiske og psykiske helse til barna skal fremmas i barnehagen.</p> <p>Barnehagen skal legge til rette for venskap, fellesskap og mangfald. Eit inkluderande barnehagemiljø skal føre til trivsel, livsglede, meistring og kjensla av eigeverd.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnet opplev fysisk aktivitet som fremmer barnas rørsleglede og motorisk kompetanse</li> <li>• Barnet får ro, kvile og slappe av i løpet av dagen i barnehagen</li> <li>• Barnet utviklar matglede og sunne helsevanar</li> <li>• Personalet gjennomfører observasjonar som gjer at barna blir sett, anerkjent, respektert og får hjelpen og støtta dei har behov for</li> <li>• Personalet støttar og oppmuntrar barna til å vise omsorg for andre og til sjølv å kunne ta imot omsorg</li> <li>• Personalet jobbar for at barna skal lære å finne løysningar i for eksempel konfliktsituasjonar og lære å respektere egne og andre sine grenser.</li> <li>• Personalet har kompetanse til førebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenking og uheldige samspelsmønster. Det gjeld både barn og kollegaer</li> </ul>	
--	--	--

<p><b>Overgangar: / Samarbeid mellom heim og barnehage</b> (R-17, s.33)</p> <p>Heim og barnehage skal samarbeide slik at barna får gode og trygge erfaringar i dei ulike overgangane.</p> <p>Overgangane skjer ved oppstart i barnehagen, ved byte av avdeling i barnehagen og ved overgang til skulen og SFO.</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er god kommunikasjon i foreldresamarbeid når det gjeld barnas overgangar</li> <li>• Det er gode rutinar for tilvenning ved oppstart i barnehagen</li> <li>• Det er trygge overgangar når barna byter avdelingar i barnehage</li> <li>• Kommunens plan ved overgang til skulen blir gjennomført. Det er eit utvida samarbeid mellom barnehagen og skulen</li> </ul>	
<p><b>Vurdering:</b></p> <p>Foreldresamtaler Foreldremøter Foreldreundersøking</p> <p>Kartleggingsverktøy Årsplanen</p>	<p><b>Barnehagen legg til rette for at:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldre har høve til å kome med attendemeldingar i foreldresamtaler og foreldremøter</li> <li>• Det skal gjennomførast foreldreundersøking kvart år</li> <li>• Det gjennomførast medarbeidarsamtaler kvart år</li> <li>• Personalet evaluerer det pedagogisk innhaldet og aktivitetane</li> <li>• Ulike kartleggingsverktøy blir nytta ved behov, blant ana desse: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Observasjon</li> <li>- Pedagogisk analysemodell</li> <li>- Alle Med (sosial og emosjonell utvikling)</li> <li>- TRAS (språkleg utvikling)</li> <li>- CDI (språkleg utvikling)</li> <li>- Språk 5-6</li> </ul> </li> </ul>	

**Sirkelen:** modellen syner at fokusområda kan sjåast uavhengig av kvarandre, men også at dei er gjensidige avhengig av kvarandre. For eksempel er det viktig at vaksenrolla står «aleine» for sjølvrefleksjon, og at det kan påverke alle handlingane ein gjer i barnehagen.

**Trekanten:** modellen «inkluderande barnehagemiljø» skal arbeidast med i alle trinn, uavhengig av kvarandre. Psykososialt barnehagemiljø (§41-43, barnehageloven) har større fokus på at personalet skal førebyggje og sette inn tiltak når eit barn uttrykkjer at han/ho ikkje har det bra, eller føresette opplev mobbing eller krenking av barnet sitt.



## Personalet i barnehagen:

Anne-Signe Aamlid	Assistent
Björg Aamlid Haugen	Assistent
Heidi Ramsvatn	Assistent
Hina Azimi	Assistent
Irene Aamlid	Assistent
Anne Grete Aamlid	Barne- og ungdomsarbeidar
Siv Nesheim	Barne- og ungdomsarbeidar
Siw Annette Aamlid	Barne- og ungdomsarbeidar
Hoda Ahmad Sayer-Alhamad	Lærling
Ida Bjønnerud	Lærling
Maha Hajjasim	Lærling
Elise Lauvrak	Vernepleiar
Ingvild Lund Frantzen	Pedagogisk leiar / stedfortreder styrar
Janine Braemer	Pedagogisk leiar
Linn Cecilie Hansen	Pedagogisk leiar
Monica Heiland	Pedagogisk leiar
Rita Wæthing	Pedagogisk leiar
Tone Nedrebø	Pedagogisk leiar
Sigrun Rekvik	Barnehagelærer. Fagleg ansvarleg lærlingar
Kathrin Liltved	Avdelingsleiar / Styrar

I personalgruppa er det bla. kompetanse (vidareutdanning) i spesialpedagogikk, COS-P og ASK.

Personale har gjennomført HLR og øving i bruk av hjertestartar. I tillegg har fleire i personalgruppa teke livebergingsprøva.

## **Telefonnummer – til og i samband med barnehagen:**

**Avdeling:**           **Telefonnr.**  
Knatten               **48146401**

Maurtuva           **48146401**

Stubben             **90875296**

Hamaren            **90217743**

Lislehamaren      **90876209**

Avdelingsleiar/styrar **35067180 / 97064681**

Opptakskontoret   **35067176**

Kommunalsjef      **35067100**

### **Mailadr. Ped.leiar**

[ingvild.l.frantzen@fyresdal.kommune.no](mailto:ingvild.l.frantzen@fyresdal.kommune.no)

[monica.heiland@fyresdal.kommune.no](mailto:monica.heiland@fyresdal.kommune.no)

[janine.braemer@fyresdal.kommune.no](mailto:janine.braemer@fyresdal.kommune.no)

[tone.nedrebo@fyresdal.kommune.no](mailto:tone.nedrebo@fyresdal.kommune.no)

[rita.wathing@fyresdal.kommune.no](mailto:rita.wathing@fyresdal.kommune.no)

[linn.c.hansen@fyresdal.kommune.no](mailto:linn.c.hansen@fyresdal.kommune.no)

[kathrin.liltved@fyresdal.kommune.no](mailto:kathrin.liltved@fyresdal.kommune.no)

[solveig.rustand@fyresdal.kommune.no](mailto:solveig.rustand@fyresdal.kommune.no)

[liv.johre@fyresdal.kommune.no](mailto:liv.johre@fyresdal.kommune.no)

**Besøks adresse:**                   **Fyresdal barnehage, Landstadvegen 30, 3870 Fyresdal**

**Postadresse:**                       **Fyresdal barnehage, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal**

**Vedlegg:**

**Trafikkopplæring og trafikksikring**

**Årshjul – Fyresdal barnehage**